

Knarvikmila 2019
V/Eddie Ebbesvik
Boks 177, 5903 Isdalstø

Til:

Nordhordland Lensmannsdistrikt
v/ Kjell Idar Vangberg

Lindås Kommune
v/ Hogne Haugsdal

Meland Kommune
v/ Anny Bastesen

Til Orientering:
Statens Vegvesen

KNARVIKMILA 2019 - BRUK AV VEGNETTET

Søker med dette om å få nytta vegnettet slik vedlagde kart viser. Dette gjeld fredag 30. august - UngdomsMila ,laurdag 31. august – 5km,YT-stafetten og 10 km og søndag 1. september - MiniMila, Naturmila og Halv Marathon.

Knarvikmila er ei massemonstring som har gått sidan 1983 og det er soleis 37. gongen løpet vert arrangert. Gjennom desse åra har ein funne fram til gode rutinar for avviklinga. Dette gjeld også vakthald i løypa og parkeringstiltak m.m. Samarbeidet med lensmannskontoret har vore svært godt, og vi reknar med framhald av dette samarbeidet med bl.a. hjelp av politiet til trafikkdirigering.

Løypekart for løypene i 2019 er vedlagt. Kart over 5km og 10km går i all hovudsak på lokale vegar i Knarvik. Det er vert å merka seg at deler av 10km går på E-39, der den eine kjørebana er stengt i ca. 15 minutt i området ved Oterdalen/Gjervik. Politiet vil dirigere trafikken med einvegskjøring. Denne trafikkdirigeringa vert utført av av Nordhordland Lensmannskontor. Nytt i år er det også at verken 5km eller 10km går på nedsida av E-39 eller ned mot Knarvik senter.

På halvmarathon som går søndag 1. september er det ein del endringar. Ein vil i år IKKJE stenge E-39. Tidlegare år var E-39 stengt, frå gravplassen til over Hagelsundbrua. Trasen er endra i Knarvik slik at ein berre brukar lokalvegar. Det vil heller ikkje bli trafikkregulering over Krosnessundbrua, slik som tidlegare år. Når det gjeld løypa på Holsnøy er det to endringar. Den første er at løypa går rundt Dalevatnet, som ei erstatning, for at ein ikkje kan nytte Nordhordlandsbrua pga. vedlikehald på brua. Den andre endringa er at når ein kjem bort til Frekhaug Senter, spring ein mottsett veg av kva ein gjorde tidlegare år. Dette betyr at ein spring over gangbrua ved Frekhaug senter og opp mot Sagstad Skule på gangvegen. Ved å la løypa gå denne vegen, vil det vere vesentlig kortare tid vegen er trafikkdirigert.

Lonsvegens må stengast i peroidar, i samband med avvikling av løpa. Dette gjeld fredag ca kl 0830 - 1230 (UngdomsMila), lørdag ca. Kl 1200 - 1630 (5km og 10km) og søndag(Minimila, halvmarathon og Naturmila) ca kl 1100 - 1300.

Vi vil gjerne peika på at KNARVIKMILA er ei viktig hending for mange i Nordhordland. Alle ser fram til arrangementet, eit arrangement som får svært god kritikk både av deltakarane og i pressa. Det er soleis eit tiltak som har positive verknader for heile distriktet.

Knarvik 7. august 2019

Eddie Ebbesvik
-sign-

Svein Fammestad
-sign-